



Brukaradministrasjon

Skildring av tenestene

Oppgåver som er lagt til tenesteområdet Brukaradministrasjon er desse :

- Registrering av nye brukarar med oppretting av individuell ID.
- Tildeling av korrekte brukarrettar og ressursar til den einskilde brukaren.
- Justering av ressursar og tilgjenge i tråd med endra føresetnader.

Kvalitetsmål for tenestene

Kvalitetsmål for tenesteområdet Brukaradministrasjon er desse :

- Brukarane av nettverket skal ha tilgjenge til sine tildelte ressursar så lenge dei treng det for å utføre sine oppgåver i nettverket.
- Brukarane av nettverket skal ikkje ha tilgjenge til andre ressursar enn dei som er naudsynte for at dei skal kunne utføre oppgåvene sine.
- Styring av brukarrettar og brukartilgjenge sikrar at data ikkje kjem på avvege.

IKTNH sitt ansvar

- IKTNH skal byggje opp og halde ved like ein struktur på brukarregisteret som gjer at den einskilde til eikvar tid når dei ressursar og har det tilgjenge til lagra informasjon som vedkomande skal ha.

Kommunen/kommunane sitt ansvar

- Kommunen/kommunane skal til eikvar tid sjå til at IKTNH er kjent med kven som skal ha tilgjenge til nettet og ressursane der, og kva tilgjenge dei skal ha.

Innkjøp, avtalar, lisenshandtering

Skildring av tenestene

Oppgåver som er lagt til tenesteområdet Teknisk drift av servarar og nettverk er desse :

- Innkjøp og konfigurering av servarar slik at det til eikvar tid er tilstrekkeleg lagringskapasitet.
- Konfigurering av servaroppsettet slik at ein til eikvar tid har tilstrekkeleg kapasitet til å ha sikker lagring av informasjon med backup på annan lokasjon.
- Vedlikehald av servarpark.
- Planlegging, utviding og konfigurering av nettverket, slik at dette til eikvar tid stettar kommunen sine krav til fysisk tilknytning til nettverket.
- Vedlikehald av nettverkskomponentar ute på lokasjonane.

Kvalitetsmål for tenestene

Kvalitetsmål for tenesteområdet Teknisk drift av servarar og nettverk er desse :

- Det skal til eikvar tid vere tilstrekkeleg bandbreidd i nettverket.
- Det skal så langt dette er mogleg, opprettast alternative ruter i nettverket som kan takast i bruk dersom delar av nettet kjem ut av drift.
- Det skal til eikvar til vere tilstrekkeleg lagringskapasitet. Dette inkluderer lagringskapasitet for backup. Denne skal vere konfigurert slik at eit mogleg totalt samanbrot av eitt lagringsområde ikkje påverkar backupløysinga.

Skriven av :	Versjon nr.1
Godkjent av :	Publiseringsdato : 31.05.2017



IKTNH sitt ansvar

- IKTNH føretek innkjøp på vegne av kommunane i tråd med oppsette planar.
- IKTNH ser til at alle serverar og alt nettverksutstyr fungerer etter føresetnaden, og foretek justeringar, reparasjon eller utskifting etter behov.
- IKTNH ser til at det vert teke backup i tråd med oppsette rutinar.

Kommunen/kommunane sitt ansvar

- Kommunen/kommunane har ansvar for å melde inn nye behov og endringar i behov så tidleg at IKTNH kan agere i tide til å hindre at driftsforstyringar oppstår.

Planlegging, prosjektering, rådgjeving

Skildring av tenestene

Opgåver som er lagt til tenesteområdet Planlegging, prosjektering, rådgjeving er desse :

- Kartlegging av status for eksisterande tekniske løysingar for nettverk og serverpark.
- Kartlegging av status for eksisterande programvareplattformer.
- Utarbeiding av kvalitetsmål for tekniske løysingar.
- Utarbeiding av kvalitetsmål for programvareplattformer.
- Utarbeiding av kravspesifikasjonar ved anbod og innkjøp av teknisk utstyr og programvareløysingar.
- Bistand i planarbeid.
- Bistand i anbodsprosessar.
- Bistand ved innkjøp.

Kvalitetsmål for tenestene

Kvalitetsmål for tenesteområdet Planlegging, prosjektering, rådgjeving er desse :

- IKTNH skal til eikvar tid kunne gi kommunen informasjon om status med omsyn til teknisk kapasitet i serverpark og nettverk.
- Nye løysingar stettar alle lovmessige krav, og fylgjer alle relevante standardar.

IKTNH sitt ansvar

- IKTNH kvalitetssikrar eige arbeid i høve lovverk og andre rammevilkår.

Kommunen/kommunane sitt ansvar

- Kommunen/kommunane agerer i tråd med IKTNH sine tilrådingar.

Teknisk drift av serverar og nettverk

Skildring av tenestene

- Opgåver som er lagt til tenesteområdet Teknisk drift av serverar og nettverk er desse :
- Innkjøp og konfigurering av serverar slik at det til eikvar tid er tilstrekkeleg lagringskapasitet.
- Konfigurering av serveroppsettet slik at ein til eikvar tid har tilstrekkeleg kapasitet til å ha sikker lagring av informasjon med backup på annan lokasjon.
- Vedlikehald av serverpark.
- Planlegging, utviding og konfigurering av nettverket, slik at dette til eikvar tid stettar kommunen sine krav til fysisk tilknytning til nettverket.
- Vedlikehald av nettverkskomponentar ute på lokasjonane.

Skriven av :	Versjon nr.1
Godkjent av :	Publiseringsdato : 31.05.2017



Kvalitetsmål for tenestene

Kvalitetsmål for tenesteområdet Teknisk drift av serverar og nettverk er desse :

- Det skal til eikvar tid vere tilstrekkeleg bandbreidd i nettverket.
- Det skal så langt dette er mogleg, opprettast alternative ruter i nettverket som kan takast i bruk dersom delar av nettet kjem ut av drift.
- Det skal til eikvar til vere tilstrekkeleg lagringskapasitet. Dette inkluderer lagringskapasitet for backup. Denne skal vere konfigurert slik at eit mogleg totalt samanbrot av eitt lagringsområde ikkje påverkar backupløysinga.

IKTNH sitt ansvar

- IKTNH føretek innkjøp på vegne av kommunane i tråd med oppsette planar.
- IKTNH ser til at alle serverar og alt nettverksutstyr fungerer etter føresetnaden, og foretek justeringar, reparasjon eller utskifting etter behov.
- IKTNH ser til at det vert teke backup i tråd med oppsette rutinar.

Kommunen/kommunane sitt ansvar

- Kommunen/kommunane har ansvar for å melde inn nye behov og endringar i behov så tidleg at IKTNH kan agere i tide til å hindre at driftsforstyringar oppstår.

Teknisk drift av tilknytta utstyr

Skildring av tenestene

Opgåver som er lagt til tenesteområdet Teknisk drift av utstyr i nettverket er desse :

- Konfigurering av PC-ar slik at dei vert korrekt tilkobla nettverket.
- Konfigurering av anna utstyr slik at det fungerer korrekt i nettverket, både med omsyn til bruk og med omsyn til datatryggleik.

Kvalitetsmål for tenestene

Kvalitetsmål for tenesteområdet Teknisk drift av utstyr i nettverket er desse :

- Alt utstyr skal kun nyttast i nettverket (unntak er gjestenettet) etter at det er korrekt sett opp, og berre når det vert nytta av godkjent brukar.

IKTNH sitt ansvar

- IKTNH skal ha rutinar for oppsett av PC-ar som sikrar at dei så lenge dei skal nyttast i nettverket, er korrekt konfigurert. I dette ligg at dei vert sett opp korrekt før dei vert tekne i bruk fyrste gong, at konfigureringa vert oppdatert etter behov, og at maskinene enkelt kan setjast opp på nytt om dette skulle vere naudsynt.
- IKTNH skal sjå til at anna utstyr som skal stå i nettverket, vert konfigurert slik at det fungerer i tråd med gjeldande føresetnader.

Kommunen/kommunane sitt ansvar

- Kommunen/kommunane skal sjå til at alt utstyr som skal nyttast i nettverket (unnateke gjestenettet), vert korrekt konfigurert før det vert teke i bruk.

Utdjuping og konkretisering av avtalen er gjort i ein del avtalevedlegg. Desse kan lastast ned frå IKTNH si heimeside. Avtalevedlegg er å rekne som ein del av avtalen.

Bakgrunnen for innhaldet i dei ulike delane i avtalen er gjort i ein del referansevedlegg. Desse kan lastast ned frå IKTNH si heimeside.

Skriven av :	Versjon nr.1
Godkjent av :	Publiseringsdato : 31.05.2017